



**DET KONGELIGE  
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT**

*Statsråden*

Stortingets kommunal- og forvaltningskomite  
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

22/4124-2

9. mai 2022

**Dokument 8:239 S (2021-2022) Representantforslag frå representantane Charlotte Spurkeland, Ove Trellevik, Nikolai Astrup og Mudassar Kapur**

Eg viser til brev av 3. mai 2022 frå Kommunal- og forvaltningskomiteen. Eg er invitert til å vurdere Dokument 8:239 S (2021-2022) Representantforslag frå stortingsrepresentantane Charlotte Spurkeland, Ove Trellevik, Nikolai Astrup og Mudassar Kapur.

Representantane ber i forslaget om at regjeringa greier ut eit lovforslag om å endre plikta kommunen har til å følgje opp tiltak som er gjennomførte i strid med plan- og bygningslova, og sende dette forslaget ut på høyring. Representantane viser til at forslaget er aktualisert i samband med strandsoneprosjekt som kommunar har gjennomført.

Det følger av plan- og bygningslova § 32-1 at kommunen har plikt til å «forfölge overtredelser av bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven». Vanlege rettsfølgjer når ein avdekker «forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven», er krav om retting. Alvorlege brot på regelverket kan straffast med bøter eller fengsel.

Representantane meiner at kommunane kan oppleve ulovlegheitsoppfølging av gamle saker som byrdefullt, og viser til tal frå KOSTRA. Som representantane sjølv peikar på, seier ikkje KOSTRA-tala noko om kva tiltak det gjeld, kor gamle sakene er, vanskegrad eller kor mykje tid og ressursar kommunane har brukt på sakene. Påstanden kan dermed ikkje underbyggjast med faktum. Allereie der meiner eg at grunnlaget for forslaget sviktar.

Det at det er krevjande å følgje opp ulovlege tiltak, er ikkje unikt for plan- og bygningslova. Eg syns derfor ikkje dette er eit særleg godt argument for å endre eller fjerne plikta til ulovlegheitsoppfølging. Representantane skriv at likskap og føreseielege rammer skal vere viktige moment. Å erstatte plikt med åtgang, vil nok gje kommunane meir fridom til å la vere å

følgje opp ulovlege tiltak. Men å overlate ei slik vurdering til eige skjøn, vil ikkje sikre korkje likskap eller føreseielege rammer.

Representantane understrekar også at dei er opptekne av at utgangspunktet framleis må vere at ulovlege forhold bør kunne krevjast retta eller rive, og at det ikkje skal vere amnesti berre fordi det tek lang tid før ulovlege tiltak blir oppdaga.

Det er eg einig i. Som nemnt kan alvorlege brot på regelverket straffast med bøter eller fengsel inntil to år. Foreldingsfristen er då fem år. Retten kommunane har til å krevje retting blir derimot ikkje forelda. I forarbeida til plan- og bygningslova av 2008 blei det drøfta å innføre frist for forelding for ulovlegheitsoppfølging. Forslaget blei forkasta med tilvising til blant anna følgande:

*«Det ville være meget ueheldig hvis ulovlige tiltak gjennom å ikke oppdages, kunne oppnå å bli lovlige. Straff etter plan- og bygningsloven foreldes uansett etter de generelle reglene i straffeloven.».*

Eg meiner dette framleis står seg. Å innføre tidsavgrensing, slik representantane tek til orde for, vil avgrense tidsrommet det kan reagerast mot ulovlege tiltak. Eit slikt forslag vil sende ut ueheldige signal om at det ikkje er så farleg å bryte plan- og bygningslova, og gjere ulovlegheitsoppfølging mindre effektivt. Dette vil vere stikk i strid med det som er formålet med plikta til ulovlegheitsoppfølging, og som Høyre ga sin støtte til då denne blei innført i plan- og bygningslova av 2008.

Plikta til følgje opp ulovlege tiltak er viktig og nødvendig av omsyn til allmenta, natur og friluftsliv, prinsippet om likskap og for å førebyggje at folk tek seg til rette. Å endre eller fjerne denne plikta meiner eg vil utfordre kjerneområda til lova, og undergrave respekten for regelverket.

Eg har tatt til orde for at byggjeforbodet i strandsona bør praktiserast noko mindre strengt i kommunar med mindre utbyggingspress, og at kommunane bør nytte det lovlege handlingsrommet dei har til å planleggje for utbygging i strandsona. Det betyr ikkje at det er greitt å byggje ulovleg i strandsona. Ulovlege inngrep er noko eg ser svært alvorleg på. Det øydelegg både natur og miljø, minskar befolkninga sin tilgang til strandsona, og undergravar heile respekten og verdien ved eit godt utvikla plansystem.

Det er heller ikkje greitt å la vere å følgje opp ulovlege forhold berre fordi det har gått lang tid. Ei slik tilnærming er ikkje rettferdig overfor dei som lojalt følgjer regelverket. Eg meiner det også vil sende eit feil signal, som kan føre til at fleire tek seg til rette.

Kommunen har etter plan- og bygningslova ei rekke verktøy for å rydde opp i gamle lovbroter. Som representantane sjølv peikar på kan kommunane avstå frå å følgje opp ulovlege tiltak som er av «mindre betydning». Andre alternativ er revisjon av arealplan, søknad om løyve i ettertid og dispensasjon. Kommunane har ansvar for å følgje opp ulovlege tiltak etter plan-

og bygningslova, og det er viktig at kommunane tek dette på alvor. Mitt departement er no i sluttfasen med å gjøre ferdig ein ny rettleier for ulovlegheitsoppfølging. Denne vil bli lansert om kort tid. Eg har tro på at denne vil vere et godt verktøy for kommunane i deira arbeid.

Eg ser ikkje at det er grunn til å setje i gong utgreiing om å endre eller fjerne den plikta kommunen har til å følgje opp ulovlege tiltak. Eg tilrår derfor at forslaget ikkje blir vedteke.

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik